

# Lokal forskrift 17. juni 2024 nr: \* \_\_\_\_ Elevpermisjonar for grunnskulane i Vanylven kommune, Møre og Romsdal

(\*nr på forskrifta kjem frå lovdata når denne er kunngjort i Norsk Lovtiend)

Kommunestyret i Vanylven kommune for grunnskulane Vanylven kommune.

Dato for vedtaket: 17.juni 2024

Forskrifta er heimla i Opplæringslova § 2-2.

## § 1. Formål og verkeområde

Barn har plikt til grunnskuleopplæring frå det året dei fyller seks år, til dei har avslutta det 10.trinnet.

Kommunen kan fritta ein elev heilt eller delvis frå opplæringsplikta dersom omsynet til eleven tilseier det, foreldra samtykkjer og det ligg føre ei sakkunnig vurdering. Elevar som har fått fritak frå opplæringsplikta, mister ikkje retten til opplæring dei har fått fritak frå.

Kommunen kan gi ein elev permisjon frå skulen dersom eleven får ei opplæring som samla sett er forsvarleg, jfr. §2-2 flg.

## § 2 Permisjonar

### § 2 - 1. Rett til permisjon

Ein elev som høyrer til eit anna trussamfunn enn Den norske kyrkja, har rett til permisjon frå skulen dei dagane trussamfunnet har helgedag, dersom foreldre sørger for den opplæringa som må til for at eleven skal kunne følgje med i opplæringa på skulen etter fråværet.

Familiehendingar av særleg sorgprega karakter, til dømes dødsfall eller gravferd. Dette gjeld også dagar der det gjennomførast prøver eller førebuing av prøver.

### § 2 - 2. Vurdering av permisjon

Kommunen kan gi ein elev permisjon frå skulen dersom eleven får ei opplæring som samla sett er **forsvarleg**. Hensikta med å vedta ei forskrift om permisjon frå opplæringa, er å vise i kva omfang elevar kan få permisjon frå den pliktige grunnskuleopplæringa.

### § 2 - 3. Omfang av permisjon frå pliktig opplæring

Skulen kan gi permisjon frå pliktig opplæring inntil ti skuledagar per skuleår for kvar elev.

### § 2 - 4. Mynde til å gi permisjon

Etter søknad frå føresette kan kontaktlærer gi permisjon i inntil 3 dagar og rektor kan gi permisjon inntil 10 dagar per skuleår. Totalt kan ikkje tal permisjonsdagar overstige 10 dagar i løpet av skuleåret.

Ut over 10 skuledagar vert eleven formelt skriven ut frå skulen som elev. Kommunalsjef for kultur og oppvekst skriv vedtak.

## § 2 - 5. Ansvar

Føresette søker om permisjon gjennom det skuleadministrative systemet Vigilo.

Føresette tek ansvar for naudsynt undervisning i permisjonstida og fråskriv seg eventuelle krav om at kommunen skal sørge for at eleven får ta att tapt undervisning.

Forsikringsordninga til kommunen gjeld ikkje i permisjonstida

## § 2 - 6. Det skal ikkje gjevast permisjon i periodar med førebuing til, eller gjennomføring av:

- Statlege kartleggingsprøvar
- Nasjonale prøvar
- Eksamen, munnleg eller skriftleg

Permisjon grunna feriereiser vert ikkje godkjent. Føresette er likevel pliktige til å søkje, og vel sjølve om ein tek eleven ut av skulen.

## § 2 - 7 . Det kan gjevast permisjon til:

Utanfor periodar med førebuing til og gjennomføring av statlege kartleggingsprøver, nasjonale prøver og eksamen kan det gjevast permisjon:

- Når eleven er teken ut til å delta i idrettskonkurranse på nasjonalt eller internasjonalt nivå.

- Når eleven er teken ut til å delta i kulturarrangement/framføring på nasjonalt eller internasjonalt nivå.
- Ved viktige familiehendingar i nær familie (dette kan vere dåp/navnefest, konfirmasjon, bryllaup eller andre viktige familiehendingar der ein ikkje kan styre dato til skulefri periode).
- Ved deltaking i politisk og eller frivillig organisasjonsarbeid.

### § 3. Iverksetjing

Lokal forskift trer i kraft 01.august 2024.